



## **GUDSTENESTE FOR SMÅ OG STORE MED KARNEVAL**

Desse liturgiforslaga kan de bruke på fastelavnssundag, men de kan også lett tilpasse den andre gudstenester i fastetida. I år møter vi Susan og hennar seks born, vi møter vesle Champo i årets barnefilm. I landsbyen dei bur i har dei fått ny brønn og slepp å drikke det skitne vatnet frå elva. Bruk filmen eller historia om Champo eller storesyster Mary i gudstenesta – eller på samlinga etterpå.

I mange kyrkjelydar er det tradisjon for ei markering "Frå fest til faste" der ein er samla til eit karneval som etterpå går over i ei enkel gudsteneste. Ei slik samling kan de leggje til oskeonsdag eller ein annan dag der kyrkjelyden er samla. Om de ikkje har nokon samling på oskeonsdag kan de tenne det raude lyset etter inngangsorda på fastelavnssundag.

Gudstenesta er delt inn i fire delar:

1. Samling
2. Ordet
3. Forbøn og nattverd
4. Sending

I år brukar vi om att heftet *Superhelt til fastetida* frå 2020 som de kan dele ut på karnevalsgudstenesta. Hugs å sende ut informasjon på førehand dersom de ønskjer at borna skal kle seg ut eller ta med tomflasker til denne gudstenesta. Minner om å følgje gjeldande smittevernsreglar i dykkar kommune. Informasjon om Superhelt finn de på nettsida [fasteaksjonen.no](http://fasteaksjonen.no).

*Vi har lagt inn nokre tekstar i kursiv som de kan bruke som informasjon i gudstenesta.*

I vedlegg 1 er det fleire forslag til bønner og songar.

I vedlegg 2 er det meir informasjon om dei ulike stasjonane i bønnevandringa. Om de ikkje har bønnevandring eller kombinerar bønnevandringa med nattverd, kan de bruke ein nattverdsliturgi som kyrkjelyden brukar når born og familiar deltek.

I vedlegg 3 finner de ein "Nattverdordning for særskilde høve" frå Gudstenesteordning for Den norske kyrkje som og kan nyttast.



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

## INFORMASJON OM DAGENS GUDSTENESTE

*I mange land er tida før faste også tida for karneval. I dag er det fastelavnssundag og vi vil setje borna i sentrum. Etter gudstenesta inviterer vi til kyrkjesaft og fastelavnspollar.*

### 1. SAMLING

#### PRELUDIUM/ INNGANGSPROSESJON

#### INNGANGSSONG

- Heveinu Shalom aleichem (Barnesangboka 112)

Norske vers:

1. Eg blir så glad når eg ser deg
  2. Det er Guds fred eg vil gje deg
- (Startar når alle er på plass).

Alternativ song kan vere Cantai ao Senhor (N13 393).

Alle som skal vere med i gudstenesta er med i prosesjonen, både prest, liturg og musikarar, dersom det er mogleg. Ta med gjenstandar som symboliserer dei ulike stasjonane i bønnevandringa, til dømes tomflasker, blomsterpotter med jord og posar med frø. La nokre av borna vere med og bere.

#### INNGONGSORD

L: Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Slik helsar vi kvarandre velkomen til gudsteneste.

#### SAMLINGSBØN

Her kan de nytte ei av dei samlingsbønene som kyrkelyden er vande med – eller Samlingsbøn 7 – Gudsteneste for Den norske kyrkja.

#### DIKT – VENNSKAPSTANKAR



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

Gje meg handa, la oss saman  
slå ein ring omkring vår jord,  
og la vennskapstankar gå til  
aust og vest og sør og nord!  
Vennskapstankar er så varme,  
vennskapstankar skaper fred.  
Når vi går med vennskapstankar,  
har vi gode gåver med.

Diktet "Vennskapstankar" kan gjerne bli lese av ein annan enn liturgen – helst eit barn. Dersom det er dåp i gudstenesta, kan den kome etter "Vennskapstankar" eller etter lovsongen. Mellom kvart vers i songen kan ein presentere dei ulike kostyma.

## LOVSONG

N13 240 Måne og sol, vindar og hav

- Eller ein annan passende lovsong – sjå oversikt lengst bak

## 2. ORDET

### INNLEIING TIL TEKSTLESING

L: Lat oss høyre Herrens ord.

*Før og etter evangelielesinga kan kyrkjelyden syngje eit hallelujaomkved.*

FORSLAG: N13 977.6 og 977.7

## EVANGELIETEKST

Teksten for fastelavnssundag er frå Joh 12, 20-33.

Les teksten høgt, fortel den om att med eigne ord og forklar vanskelege ord.

## UTFORDRING

L: Alle menneske er skapt i Guds bilete og Gud vil at alle menneske skal ha det godt. I dag passar det godt å ta fram regnbogeplakaten frå Kirkens Nødhjelp. Den første veka har fargen rød. Kjærleikens farge. Slik kan kjærleiken stå som en overskrift når vi no går inn i fastetida.

I årets Fasteaksjon får vi møte born og ungdom frå Zambia. Ein av dei er Champo. Ho og dei andre i landsbyen har fått ein ny brønn med trygt og reint



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

vatn. No slepp dei å drikke det skitne vatnet frå elva og vert ikkje lenger sjuke. Champo er glad for det reine vatnet som dei kan drikke og vaske grønslakene sine i. I årets Fasteaksjon er overskrifta «Forandre for andre». Når vi viser godheit for andre, då tener vi Gud.

Bli med så fleire kan få reint og trygt vatn!

Og når de kjem heim kan de alle vere Superheltar.

## SONG

Han har den heile vide verda (Barnesangboka 91)

## 3. FORBØN OG NATTVERD

Her kan de nytte nattverdliturgi etter lokal tradisjon, eller Ordng for særskilde høve frå nattverdliturgien til Den norske kyrkje.

*I dag skal vi ha bønemandring der ein av stasjonane er nattverd. Vi har ... stasjonar. Når musikken byrjar, startar vandringa, de kan velje kva for ein stasjon de vil gå til fyrst. Når vi byrjar å spele "Eg faldar mine hender små" N13 731 går alle og set seg.*

Forslag til stasjonar:

**Stasjon 1. Teiknebord:** *Der kan born og vaksne teikne ei bøn til Gud. (Alternativt kan ein rulle ut ein papirrull på golvet i midtgangen og teikne direkte på den. Denne store teikninga kan de bere fram til altarringen etterpå)*

**Stasjon 2. Ved lysgloben:** *Her kan vi tenne lys for alle born som framleis manglar reint vatn og ofte blir sjuke.*

**Stasjon 3. Nattverdutdeling:** *Born og vaksne stiller på rekkje, får eit stykke brød og dyppar det i kalken.*

**Stasjon 4. Ved døypefonten:** *Her kan vi leggje perler i dåpsvatnet, ei raud for glede, ei grøn for noko vi vonar skal skje, ei kvit om det er noko vi tenkjer spesielt på i dag.*

**Stasjon 5. Ved offerbordet:** *Her kan de gje ei pengegåve til Kirkens Nødhjelp. Legg også fram ein bunke med små pappbøsser.*

**Stasjon 6. Ved flaskekorga:** *Her kan dei som har teke med seg tomflasker, plassere dei.*



Vandringa vert avslutta med ei felles bøn der liturgen kan ta fram nokre av teikningane eller den store fellesteikninga. Eit anna alternativ er å starte fellesbønen med å spørje nokon av borna kva dei vil be for. Dersom det er mogleg er det fint om de får telt flaskene i løpet av kyrkjekaffien. Meir informasjon om dei ulike stasjonane i bønnevandringa (VEDLEGG 2).

#### SONG UNDER BØNEVANDRINGA

Frå Norsk Salmebok 2013 (N13)

608 Når vi deler det brød som du oss gir

623 Ingen er for liten til å se Guds under

Frå Barnesangboka (BS)

189 Når du ser en venn

#### TAKKEBØN

L: Gud vi takkar deg for alle born og vaksne som er med og gjer ein innsats – slik at fleire menneske skal få livgjevande, reint vatn.

L: Herre Jesus Kristus, du brød frå himmelen

Som no har metta oss,

Gje oss å bringe gåvene dine vidare:

Brød til dei svoltne, trøyst til dei sørgjande,

Mot til dei motlause, kjærleik til alle.

Lat ditt gode hjartelag og din fred

strøyme ut til verda gjennom oss.

Gje oss å tene menneska

Som du sjølv har tent,

Inntil vi alle vert samla til eitt i deg.

(henta frå Bønnebok for den katolske kirke 1990)

Eller litt forkorta:

L/ML: Gud vi takkar deg for alle born og vaksne som er med og gjer ein innsats – slik at fleire menneske skal få livgjevande, reint vatn.



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

L: Herre Jesus Kristus, du brød frå himmelen  
Som no har metta oss,  
Gje oss å bringe gåvene dine vidare:  
Gje oss å tene menneska  
Som du sjølv har tent,  
Inntil vi alle vert samla til eitt i deg.  
(henta frå Bønnebok for den katolske kirke 1990)

ELLER (dersom det ikkje er nattverd)  
L/ML: Hjelp oss å tene våre medmenneske, Herre.  
Det er ufatteleg mange som lid  
Under fatigdom og sjukdom.  
Dei treng alt.  
Lat oss ikkje berre *tenke* at vi burde gjere noe  
men gi oss kjærleik som får oss til å *handle*.  
(Bøn frå Oslo, omsett av Inger-Torunn Sjøtrø)

#### **4. VELSIGNING OG UTSENDING**

##### UTGANGSBØN

L: Lat oss gå ut i Guds verd  
med omsorg i hendene,  
forsoning i hjartet  
og kjærleik i sinnet.  
Lat oss gå i fred.  
A: I Jesu Kristi namn. Amen.

##### VELSIGNING



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

## UTGANGSPROSESJON OG SONG

Etter prosesjonen kan born og vaksne følgje på inn til kyrkjekaffi/soft

Pris være Gud, (N13 674)

## **VEDLEGG 1: FLEIRE FRAMLEGG TIL BØNER OG SONGAR**

### **Framlegg til songar og bønner frå Syng håp 2**

- For se, jeg gjør allting nytt (15)
- Gi oss vårt daglige brød (18)
- Gud ditt hjerte rommer hele verden (20)
- Hvis dere bare hadde tro, argentinsk barnesalme (35)
- Jesus Kristus ventar (46)
- Kristus kom/ Yesu njoo, frå Tanzania (50)

### **Fleire framlegg frå Treklang: songar med mykje rytme og rørsler**

- Vi kan dele (250)
- Der det nye livet lever (283)
- Dine hender er fulle av blomster (352)
- Jeg er trygg hos deg (108)
- Syng for Herren sol og måne (35)
- Vær meg nær, å Gud (150)

## **VEDLEGG 2: MEIR INFORMASJON OM BØNEVANDRING OG**

### TAKKEGÅVE

Forbønsledd, nattverd og offerleddet er slegne saman til éi vandring i denne gudstenesta.

Born likar godt å røre litt på seg og fritt kunne oppsøkje dei postane dei vil. Samstundes er dette eit fint høve til å kike litt på alle dei andre som har kledd seg ut til karnevalet.

Vandringa byrjar ved at organisten/musikarane spelar roleg musikk.

Dei ulike postane må klargjerast før gudstenesta:



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

### **1. Teikne takkebøner**

Mange born synst det er lettare å uttrykkje seg med teikningar enn med ord. Mange kan heller ikkje skrive enno. Teiknebordet bør vere plassert slik at det er plass til å stå rundt det. Dekk gjerne bordet med ein papirduk, slik at ein kan teikne rett på duken. Set fram nok fargestiftar.

### **2. Tenne lys**

Plasser gjerne denne posten nær inngangen slik at alle ser han når dei kjem inn. Lag ei stor steinrøys rundt og under globen. Dersom de ikkje har lysglobe, kan de lage steinrøysa og setje fram telys, slik at folk kan setje dei på steinane. Det kan vere lurt å ha ein stor presenning under steinane.

### **3. Nattverd**

Dei to som skal dele ut nattverda står saman framme i kyrkjerommet. Born og vaksne kjem fram og stiller seg på rekkje.

### **4. Ved døypefonten**

Legg perler med ulik farge i skåler på eit bord ved døypefonten – eller set dei på kanten dersom det er mogleg. Legg ei teikning med "smilefjes" saman med dei raude perlene, "sinna-fjes" saman med dei grønne perlene og ei "tenkjoboble" saman med dei kvite perlene.

### **5. Offerbordet – gje vår pengegåve**

Eit lågt bord strategisk plassert i rommet. På bordet står det ei skål til pengane, eventuelt ei innsamlingsbøsse, og eit lys. Her kan det også leggjast ein bunke med Superhelt-heftet og den lilla pappbøssa.

### **6. Samle flasker**

I samband med Superhelt-opplegget. Syt for ei stor korg dersom det er mange barn som er inviterte til gudstenesta. La eventuelt nokre av borna vere med og pante flaskene og sjå kor mykje pengar det blir. Kor mange menneske har fått reint vatn for livet i dag? (200 kroner er nok til å skaffe eit menneske reint vatn resten av livet). Dette kan også gjerast ved samlingar seinare i fastetida.

## **VEDLEGG 3: NATTVERDORDNING FOR SÆRSKILDE HØVE**

(Frå Den norske kyrkje, 2011)

### **Salme / Førebuing av måltidet**

#### **Helsing**

L: Lat oss lovprise Gud.





Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

*Kyrkjelyden reiser seg*

A: Takk og ære høyrer Gud til i all æve.

*eller*

L : Lat oss lovprise Gud.

*Kyrkjelyden reiser seg*

ML: Gud vil vi takke og ære.

A: Gud vil vi takke og ære.

**Heilag (Sanctus)** *eller ein annan lovsong*

**Nattverdbøn med innstiftingsorda VERBA**

*Ei av desse bønene:*

L: Gode Gud, vi

takkar deg for din

herlegdom som er

breidd ut over

himmel og jord.

Gjennom vatnet i

dåpen fria du oss ut

frå mørkemaktene

og gav oss del i

Jesus Kristus, din

Son. No bed vi deg:

Send oss din

Heilage Ande, så vi

kan få mot til å leva

og frimod til å tru.



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

L: Trufaste Gud, vi  
vil prisa deg så  
lenge vi lever og  
lovsyngja namnet  
ditt til evig tid. Vi  
takkar deg for at  
du sende din Son  
Jesus Kristus til  
frelse for verda.  
Ved hans død får  
vi syndene våre  
tilgjevne, og i hans  
oppstode kan vi  
leva det nye livet.  
No bed vi deg:  
Send din Ande  
over oss og desse  
gåvene, så dei kan  
bli eit teikn for håp  
i våre liv.

L: Vi lovsyng deg,  
Gud, som skapte  
himmelen og jorda.  
Du tek oss inn i din  
kjærleik og di  
omsorg.  
Takk for frelsa du  
har gjeve oss  
gjennom Jesus



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

Kristus. Vi bed deg:

Send din Heilage

Ande over oss og

dine gåver.

Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav disiplane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg. Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakta i mitt blod som blir aust ut for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av den, så gjer det til minne om meg.

*Etter innstiftingsorda kan liturgen og kyrkjelyden seie:*

L: Stort er mysteriet i trua.

A: Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att.

*Denne setninga kan leggjast til:*

A: Deg vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

A: Vår Far / Fader vår

*Dette leddet kan utelatast i denne korte nattverdordninga.*

### **Fredshelsing**

L: Guds fred vere med dykk.

M: Guds fred vere med deg.

L: Lat oss helse kvarandre med eit teikn på fred.

Kyrkjelyden helsar kvarandre med handtrykk og kan seie «Guds fred» eller liknande ord.

### **Utdeling**

*Utdelingsorda lyder:*

Dette er Jesu lekam.



Liturgiforslaga er ikkje tilpassa covid-19.

Dette er Jesu blod.

*Eller*

Kristi kropp, gjeven for deg.

Kristi blod, aust ut for deg.

*Etter utdelinga seier liturgen:*

L: Den krossfesta og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage lekam og sitt dyre blod, som han gav til soning for alle våre synder.

A *eller* L: Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

L kan leggje til: Fred vere med dykk.

### **Avslutting av måltidet**

*Her kan ein følgje ei av dei ferdig formulerte takkebønene i gudstenesteordninga, ei lokalt utforma eller ei anna eigna takkebøn.*